

Nærings- og handelsdepartementet

Oslo, 15. august 2015

Høyring, investeringsavtaler

Vi viser til regjeringas høyringsdokument om investeringsavtaler av 13.05.2015.

Vi har sterke innvendingar til å etablere ei internasjonal tvistereguleringsløyse som føreslått for investeringar. Denne løysinga vil representere ei vesentleg overføring av makt frå norske, folkevalde organ til eit overnasjonalt valdgiftsorgan, ein internasjonal investeringsdomstol.

Vi er spesielt bekymra for at den føreslåtte avtalen vil kunne redusere Noregs rett til kontinuerleg å skjerpe miljøkrava på alle område, utan å risikere å bli stevna for eit internasjonal valdgiftsorgan med krav om erstatning.

Ei rekke tilfelle viser at fleire av desse avtalane blir brukt aktivt mot miljøreguleringar. I Mexico vart styringsmaktene saksøkt etter å ha nekta det amerikanske selskapet Metalclad å utvide ei søppelfylling for giftig og miljøfarlig avfall i eit naturreservat. I 2006 saksøkte oljeselskapet Occidental landet Ecuador, med krav om fleire milliardar i erstatning, etter å ha mista konsesjonen til å drive oljeverksemd. I 2009 saksøkte det svensk-registrerte selskapet Vattenfall den tyske staten for å ha innført miljøreguleringar som sette begrensningar for bruken og utslepp av kjølevatn ved eit kolkraftverk.

Noreg må oppretthalda sin eksklusive rett til heile tida å kunne skjerpe miljøkrava og rammene for verksemd på norsk territorium som følgje av endra politiske målsettingar, kunnskap, internasjonale konvensjonar og krav, teknologi etc. Dersom ei skjerping av miljøkrav gjev risiko for rettssak og store erstatningar, vil det vera øydeleggjande for arbeidet med å utvikle ein betre miljø- og klimapolitikk, og det vil vera eit alvorleg hinder for den demokratiske debatten og det folkelege engasjementet for ein betre miljø- og klimapolitikk.

Vi vil også vise til at ei så stor overføring av nasjonal makt og kontroll til eit internasjonal organ, utvilsamt må koma inn under krav om kvalifisert fleirtal i paragraf 115 i grunnlova for å bli vedteke: *"... kan Stortinget med tre fjerdedels fleirtal gje samtykke til at ein internasjonal samskipnad som Noreg er tilslutta eller sluttar seg til, på eit sakleg avgrensa område får råderett som elles ligg hjå dei statlege styresmaktene etter denne grunnlova..."*

Det bør også vurderast om det føreslåtte regelverket er i tråd med grunnlova eller ikkje. I 2002 konkluderte Justisdepartementets lovavdeling og Utanriksdepartementets rettsavdeling med i ein felles prinsipputtale at voldgiftsklausular i bilaterale investeringsavtaler, slik regjeringa nå har

føreslått, er i strid med den norske grunnlova. Tilhøvet til grunnlova er ikkje nemnt i forslaget som nå er på høyring.

Helsing
Norges Naturvernforbund

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Lars Haltbrekken', followed by a long horizontal flourish.

Lars Haltbrekken
Leiar

Natur og Ungdom

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Arnstein Vestre', with a stylized, flowing script.

Arnstein Vestre
Leiar